



Leiinga var i går ettermiddag i arbeid med å få opp skikkelege banner sentralt i bygda. Dei var Anbjørn Høivik, Sivert Eik Høivik, Åsmund Lilleaas, Bjørn Olav Tveit og Kjartan Thoresen (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Nedtellinga er igang og neste helg går rockefestivalen Festidalen av stabelen. Festivalen verkar grundigare planlagt enn nokon gong før og hvis vergudane held og artistane innfrir bør det verta suksess.**

**Grovt rekna gjer 200 ein innsats for festivalen. 130 frivillige er sikra så langt, men det er trong for 30 til og det er ikkje minst meir vaktmannskap på laurdag som manglar.**

**Dette opplyste festivalleiinga til uskedalen.no då den var i arbeid med oppsetting av godt synlege banner sentralt i bygda i ettermiddag.**

Leiinga ser gjerne at også jenter melder seg til Bjørn Olav Tveit, Åsmund Lilleaas, Kjartan Thoresen, Anbjørn Høivik eller Jostein Grov.

Dei strekar under at for lite vaktmannskap krev mykje arbeid og denne festivalen skal bli prega av god kontroll og lite stress. Erfaringane frå tidlegare festivalar vil vega tungt og bli lagt til grunn.

Det er også viktig å skapa ei god lagånd og laurdag førstkommande blir nytta til å skapa ho. Klokka 20 denne dagen er dei som skal gjera ei innsats - også dei som kan møte berre ein dag - velkomne til peptalk i Gamleskulen før dei inntar Systemene Nilsen. Det vert lova god servering og dans etterpå. For ikkje å snakka om ei stilig t-skjorte! Utpå hausten vil det så bli arrangert ein større fest for mannskapet.

Men onsdag ettermiddag til veka vert det også ei samling og då på Dønhaug. Då vil alle få definert og bli instruert om oppgåvene sine under festivalen. Og det vil framleis ikkje vera for seint å melde seg til innsats.

Når det gjeld billettsalet bruker festivalleiinga uttrykket 'jamt og trutt' når dei blir bedne om ein karakteristikk. Salet går føre seg både via Billettservice, SPAR og Statoil. Leiinga vil også minna om at Festidalen 2012 har eit spesielt campområde å lokka med og naturleg nok er dette på sjølve Dønhaug.



Banner kjem på plass på det mest sentrale jordet (Foto: Ola Matti Mathisen)